

---

**Fra:** Janne Kjersheim [mailto:janneherborg@gmail.com]

**Sendt:** 3. juni 2013 20:16

**Til:** Postmottak KUD

**Emne:** fordeling av norsk tippings overskudd øremerket samfunnsnyttige og humanitære org.

Styret i generasjonskorpset Tresfjord Janitsjar, som har sitt tilhold i ei vanleg bygd på Nordvestlandet ynskjer å uttale seg om kulturdepartementet sitt nye utspel på veien til å ødelegge grunnlaget for korps og kultur i bygde-Norge.

Tresfjord Janitsjar (heretter TJ) har medlemmer frå 15 års alder til godt over 60.

TJ er som alle andre korps i Norge avhengig av dugnad og frivilligheit. Tombola, loppemarked, basarer, musikk-kafeer og sjølvstekt kontingenter og egenbehandling av medlemmer mht deltaking i NM og andre arrangement.

Støtta frå Lotteritilsynet er 25 % av inntektene - og gir TJ høve til å fornye instrumenter, noter og ikkje minst lønne dirigent og instruktører.

Tidlegare har kulturdepartementet latt seg overtale av lobbyister til å auke den prosentvise tildeling til fotballen. Allereie der starta korpsentusiaster og frivillige i kulturarbeidet i Norge å føle frykten for at grunnen for korpsmusikk - alternativ fritidsaktivitet til fotball - skulle falle bort.

No har Arbeiderpartiet med sin rødgrøne regjeringskolleger på ny sett i gang diskusjon vedr. støtte til kulturen.

Både skulekorps og generasjonskorps i bygde-Norge har ein prosentvis stor del av sitt budsjett frå offentleg støtte - og har forventningar og plan mht å fornye instrumenter, kunne bidra til skulekorpsmedlemmer som også er medlem i vårt generasjonskorps med nye instrumenter og motiverande NM-deltaking o.l.

Kva vil bygda Tresfjord være utan korps 17 mai?

Skal skulekorpsmedlemmer slutte å utøve sin aktivitet etter fylte 18 år -når dei må slutte i skulekorpset?

Skal alle pressast inn i idrett - idrett og mosjon er veldig positivt og viktig både for kropp og sjel, og også musikk høre med.

TJ samarbeider med andre korps og organisasjoner i kommunen.

Korps-Norge slit med rekruttering, både når det gjeld skulekorps og generasjonskorps. Det vil gjere denne jobben vanskelegare desom foreldre veit at endå meir av inntektene må skaffast til veie av dei sjølv.

Dersom berre landsdekkjande organisasjoner skal ha høve til å søkje på midler frå Lotteritilsynet, vil dette også kreve meir byråkrati, regelverk. Eg er redd for at resultatet vert som det synes å være når det gjeld fotballklubber i Norge - A-lag og eliteklubber får brorparten og grasrota, som utgjer mengden, må basere seg på intens frivillighet og dugnad.

Tresfjord, 3. juni 2013

TRESFJORD JANITSJAR

styret

Janne Kile Kjersheim  
leiar